



Arkivnr: 2014/11976-38
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		11.11.2015
Fylkesutvalet		03.12.2015

Omklassifisering av fylkesveg til riksveg

Samandrag

Samferdselsdepartementet har gitt Statens vegvesen i samband med NTP-arbeidet, i oppdrag å vurdere om enkelte vegar ut frå gjeldande kriterium, bør omklassifiserast fordi dei har fått endra betydning i transportsystemet eller ved vesentleg endringa av trafikkmengda.

I tillegg legg også oppdraget til grunn Stortinget si handsaming av «*St.meld. 14 (2014-15) Kommunereformen – nye oppgåver til større kommuner*». I samband med seinare gjennomgang og forslag til nytt regionalt nivå, vart det gjennom fleirtalsmerknad bedt om; «*vurdering av fylkesvegene etter forvaltningsreformen fra 2010. Større veger med sterke næringsinteresser kan vurderes overført til staten som en del av denne vurderingen*».

Vegdirektoratet skal innan fristen 15. november 2015 leggja fram for Samferdselsdepartement eit grunnlagsmateriale basert på innspel frå fylkeskommunane og Oslo kommune.

Statens vegvesen har i brev av 14. oktober 2015 bedt Hordaland fylkeskommune å komme med innspel til dette.

Fylkesrådmannen meiner spørsmålet om endringar i eigarskap til det offentlege vegnettet må knytast til den pågåande prosessen med kommune- og regionreforma. Eigarskap til det offentlege vegnettet vil vere ein viktig del av dei vurderingane som blir gjort i samband med dette pågåande reformarbeidet. I slike vurderingar vil det på regionalt nivå vere aktuelt å stille spørsmål om deler av riksvegnettet bør overførast til regionalt eigarskap.

Utover dette er fylkesrådmannen skeptisk til om overføring av deler av fylkesvegnettet til statleg eigarskap vil bidra til at forvaltninga og utviklinga av vegnettet blir løyst på ein betre måte. Fylkesrådmannen tilrår at spørsmålet om endringar i eigarskapet til fylkesvegnettet ikkje vert svart ut i denne i denne omgang. Fylkesrådmannen legg til grunn at endringar også i eigarskapet av riksvegnettet vert eit tema i Stortinget si handsaming av framtidige oppgåver for det folkevalde regionale nivået.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er av den oppfatning at det er lite mening i å endre eigarskap på riks- og fylkesvegnettet midt i ein prosess med kommune- og regionreform. Eigarskap til det offentlege vegnettet vil vere ein viktig del av dei vurderingane som vert gjort i samband med dette arbeidet.
2. Fylkesutvalet viser til den pågåande prosessen med kommune- og regionreforma, og vil kome tilbake med ei samla vurdering av eigarskap til det offentlege vegnettet i samband med fylkeskommunale vedtak om framtidig regionalt nivå hausten 2016.
3. Fylkesutvalet vil og understreke at behovet for å auke satsinga på «større veger med sterke næringsinteressere» vil kunne ivaretakast ved at dei statlege rammeoverføringane til fylkeskommunane vart ytterlegare styrka. Det er vanskeleg å sjå at endringar i eigarskapet på riks- og fylkesvegnettet i seg sjølv vil bidra til auka satsing på enkelte vegstrekningar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg 1: Brev frå Statens vegvesen, 14.oktober 2015

Vedlegg 2: Notat frå KS, 15.oktober 2015

Fylkesrådmannen, 28.10.2015

1. Bakgrunn

I brev frå Statens vegvesen – Region vest av 14. oktober 2015 vert Hordaland fylkeskommune bedt om å komme med innspel om;

- 1) *Ein kort generell vurdering om utviklinga slik den er omtala i brevet frå Samferdselsdepartementet, gjev grunnlag for endring i klassifiseringa som vart gjort i 2010, eventuelt endring i ansvaret for ferjesamband.*
- 2) *Grunngje innspel til endra klassifisering ut frå kriteria som vart lagt til grunn for kva som vere riksveg ved omklassifiseringa i 2010.*
 - a) *Grunngje innspel til endra klassifisering ut frå kriteria som vart lagde til grunn for kva som skulle vere riksveg ved omklassifiseringa i 2010*
 - b) *Grunngje innspel til eventuelt endra ansvar for ferjesamband*
- 3) *Innspel til kva større vegar med sterke næringsinteresser som eventuelt bør vurderast overført til staten.*

Ved handsaminga av «*St.meld. 14 (2014-15) Kommunereformen – nye oppgåver til større kommuner*» kom det eit innspel frå Stortinget. Av fleirtalsmerknad gjekk det fram at det skal leggjast fram ei stortingsmelding våren 2016, med gjennomgang og forslag til nytt regionalt nivå. Blant anna skal dette arbeidet inkludera; «*vurdering av fylkesvegane etter forvaltningsreforma fra 2010. Større vegar med sterke næringsinteresser kan vurderes overført til staten som en del av denne vurderingen*».

Samferdselsdepartementet har gitt Statens vegvesen i oppdrag å vurdere om enkelte vegar ut frå gjeldande kriterium, bør omklassifiserast fordi dei har fått endra betydning i transportsystemet eller ved vesentleg endringa av trafikkmengda. Vegdirektoratet skal innan fristen 15. november 2015 leggja fram for Samferdselsdepartementet grunnlagsmateriale basert på innspel frå fylkeskommunane og Oslo kommune.

2. Arbeidet med omklassifisering i forbindelse med forvaltningsreforma i 2010

I St.meld.nr. 16 (2010-2019) – Nasjonal transportplan, varsla Samferdselsdepartementet at omklassifisering av øvrig riksveg og opptak av fylkesveg til riksveg ved gjennomføring av forvaltningsreforma, ville bli fremma som sak. I St.prp.nr. 72 (2008-2009) vart det lagt fram ei sak der tidlegare riksveg og riksvegferjesamband vart overført til fylkeskommunane.

Som ledd i førebuingane sendte kommunal- og regionaldepartementet ut eit høyringsnotat til kommunane og fylkeskommunane. I høyringsnotatet blei det foreslått fleire kriterium som grunnlag for å vurdere nærare kva for øvrige riksveg og øvrige riksvegferjesamband som framleis skal vere ein del av riksvegnettet.

Hordaland fylkeskommune la fram politisk sak til Fylkestinget den 15. oktober 2008 (sak58/08), der dei vedtok:

1. *Fylkestinget viser til Statens vegvesen sitt framlegg til klassifisering av øvrige riksveg og gjennomføringa av forvaltningsreforma, og er positive til at store delar av det øvrige riksvegnettet inklusive riksvegferjene vert omklassifiserte til regionveg og regionferjer. Fylkestinget legg vidare til grunn at regionen (fylkeskommunen) vert kompensert for det manglande vedlikehaldet av desse vegane.*
2. *Fylkestinget er samd med Statens vegvesen i at dei øvrige riksveg strekningane (Bergen – Flesland, Dokken – Nygårdstangen og Bergen - Sotra) vert klassifiserte som riksveg.*
3. *Fylkestinget meiner at øvrig riksveg strekninga Bergen – Askøy (riksveg 555/562 frå Nygårdstangen til Kleppestø) bør klassifiserast som riksveg.*
4. *Fylkestinget viser til tidlegare fylkestingvedtak om at riksveg 7 mellom Bu - Gol vert klassifisert*

som riksveg.

5. Fylkestinget går inn for at staten tek ansvaret for å vedlikehalda kaiene på Steinestø, Valevåg og i Knarvik. Det er rimeleg å sjå på desse kaiene som "beredskapskaier" for riksvegnettet.

6. Fylkestinget sluttar seg til at ferjesamband bør klassifiserast som den vegen dei er ein del av Difor må opningstidene for ferjene utvidast (aukast).

7. Staten må syte for at det øvrige riksvegnettet vert overført det folkevalde regionale nivået på ein forsvarleg måte.

Kriterier for omklassifisering i forbindelse med forvaltningsreforma som ble gjennomført frå 1.januar 2010 kan kort forklarast slik (sjå vedlegg 1 brev frå Statens vegvesen, der kriterane er nærare omtala):

1. Stamvegnettet (det ble føresett at stamvegnettet fortsatt skulle ha status som riksveg)
2. Tilknytning til Nasjonale knutepunkter
3. Tilknytning til større byområder
4. Interregionale veger
5. Veger som er tilknytt riksveger i nabolanda

Med bakgrunn i dei nemnde kriteria vart det i meldinga gjort greie for kva vegar og ferjesamband som framleis skulle ha riksvegstatus. Det såkalla stamvegnettet skulle framleis ha status som riksveg. I tillegg blei det lagt til grunn at vegar og ferjesamband på det øvrige riksvegnettet framleis skulle ha riksveg og riksvegferjesamband, dersom dei er omfatta av ei eller fleire av desse kriteria.

Etter forvaltningsreforma fekk Hordaland fylkeskommune ansvar for 36 nye vegstrekningar, totalt 1170 km ny veg, slik at samla fylkesvegnettet vart 2 930 km. I tillegg fekk Hordaland fylkeskommune ansvar for 15 nye ferjesamband, og har samla sett 16 ferjesamband.

3. Fylkesrådmannen si tilråding:

Fylkesordførarkollegiet sitt arbeidsutval har i møte 25.september, bedt KS utforme eit samlenotat om prinsipielle og økonomiske konsekvensar av denne gjennomgangen av omklassifisering av fylkesvegnettet. Dette notatet er vedlagt saka (jf. vedlegg 2).

Fylkesrådmannen viser til KS-notatet og meiner spørsmålet om endringar i eigarskap til det offentlege vegnettet må knytast til den pågåande prosessen med kommune- og regionreforma. Eigarskap til det offentlege vegnettet vil vere ein viktig del av dei vurderingane som blir gjort i samband med dette pågåande reformarbeidet. I slike vurderingar vil det på regionalt nivå vere aktuelt å stille spørsmål om deler av riksvegnettet bør overførast til regionalt eigarskap. Fylkesrådmannen er derfor av den oppfatning at det no gir lite mening å peike på endringar i fylkesvegnettet, før det er gjort vurderingar og fastlagt eit endeleg opplegg for oppgåver på regionalt i den framtidige kommune- og regionreforma. Oppgåvene til eit nytt regionalt folkevald nivå skal gjennomgåast og forslag vert lagt fram for Stortinget i ei stortingsmelding våren 2016.

Utover dette er fylkesrådmannen skeptisk til om overføring av deler av fylkesvegnettet til statleg eigarskap vil bidra til at forvaltninga og utviklinga av vegnettet blir løyst på ein betre måte. I all hovudsak handlar dette om økonomiske rammer og handlingsrom til å kunne prioritere midlar til investeringsstiltak og vedlikehald. Behovet for å auke satsinga på «større veger med sterke næringsinteressere» vil kunne ivareta ved at dei statlege rammeoverføringane til fylkeskommunane vart ytterlegare styrka. Det er vanskeleg å sjå at endringar i eigarskapet på riks- og fylkesvegnettet i seg sjølv vil bidra til auka satsing på enkelte vegstrekningar. Staten må og innanfor økonomiske rammer føreta ei prioritering av midlar til prosjekt på det samla riksvegnettet.

Fylkesrådmannen tilrår at spørsmålet om endringar i eigarskapet til fylkesvegnettet ikkje vert svart ut i denne i denne omgang. Fylkesrådmannen legg til grunn at endringar også i eigarskapet av riksvegnettet vert eit tema i Stortinget si handsaming av framtidige oppgåver for det folkevalde regionale nivået. Samla

eigarskap til det offentlege vegnettet vil bli eit sentralt spørsmål i vurderingane som fylkeskommunane må gjere i det pågåande arbeidet med kommune- og regionreforma. Det er lagt opp til at fylkeskommunane skal sette i gang drøftingar av samanslåingsalternativ med nabo fylker, med sikte på fylkeskommunale vedtak hausten 2016. På denne måten vil dei fylkeskommunale strukturvedtaka kunne tilpassast eventuelle ny kommunestruktur.